

Haugaland Avløysarlag



Medlemsinfo nr. 5/17

Desember 2017

God førjul, alle saman!

Og takk for godt samarbeid i året som gjekk☺

Vedlagt dette brevet finn du kontoutskrift for heile år 2017. Me er nå ferdige med alle lønnsutbetalingane, for i år, så dette er endeleg kontoutskrift for 2017.

Dei som får e-post, får skrivet og kontoutskrifta i 2 ulike e-postar. Me ber som vanleg om at alle sjekkar kontoutskrifta **grundig med det same**, og gir beskjed til oss **straks** dersom feil blir oppdaga. **Dette hastar for at alle skal få rett tal på søknaden sin!**

Søknad om avløysartilskot for 2017

Siste **søknadsfrist for avløysartilskot 2017 er 10. januar 2018**. Du må gå inn på søknaden om produksjonstilskot og føra på det endelege talet frå oss. Det er talet for **benyttet hittil** oppe til høgre på kontoutskrifta, og det talet er alltid **utan mva**. Me sender endeleg årsoppgåve over nyttår, med evt. renter påført. Ellers er denne heilt fullstendig når det gjeld avløysaing.

Elektroniske timelister

Me minner igjen om at me frå 2017 av har åpna for å senda timelister elektronisk. For at dette skal fungera treng me e-post og telefonnummer til både brukaren og alle avløysarane hans, og så må me ha oppgitt timelønn til den enkelte. Send ein e-post med desse opplysningane dersom du er interessert! Det er ein god del som har byrja å bruka dette nå, og tilbakemeldingane til oss er positive.

Frå nå av er det også eit krav at det skal stå klokkeslett på timelistene. Me ber om at alle følgjer opp dette frå nyttår av. Dette blir automatisk i orden når avløysaren registrerer timane elektronisk ☺

Nye tilsette.

Hugs alltid på å ta kontakt med oss når du skal tilsetja ein ny avløysar, slik at me får laga arbeidsavtale og informera dei litt på førehand. Gjer dei oppmerksame på å lesa Handbok for avløysarar på heimesida vår, www.haugaland-avløysarlag.no Der er det masse god og nyttig informasjon til dei. Og før opp på opplæringskjema etter kvart som dei lærer seg nye maskiner og oppgåver. Så går dette veldig bra ☺

Her på kontoret har me også fått ein ny medhjelpar i haust. Ho heiter Malin Sofie Bjørnsrud, og er for tida tilsett som vikar i 50 % stilling til ut mars. Ho kjem frå eit anna Avløysarlag, så ho har god greie på det me jobbar med. Ta vel imot henne !

Adresser

Me er framleis interesserte i å få fleire e-postadresser, dette gjeld både til bønder og avløysarar!

All e-post til laget **må** sendast til adressa: haugaland.avloysarlag@n-lt.no

Postadressa vår: **Dreganesvegen 36, 5580 Ølen**

Sjekk innom heimesida vår, der me legg inn aktuell info: www.haugaland-avløysarlag.no.

Til slutt vil me ønskja alle ei God Jul og eit Godt Nytt År!

Helsing Avløysarlaget, Marianne, Malin og Gudveig